

FestidaGen-show med sjarm, futt og fart!

06.08.2017



Sigri og Karoline vann prisen for beste scenshow i Småstjerner.

Noko av det kjekkaste eg opplever kvart år under Festidalen, er FestidaGen-show. Det understrekar så flott den gode breidda i Festidalen-tilboda når vi opplever dei breie smila til dei fornøgde borna som viser kva kunster dei har lært under FestidaGen. I tillegg får vi dei glitrande framføringane til småstjernene!



Linnea og Iselin song så flott at dei fekk prisen for beste songprestasjon.

Det er tydeleg at mange er av same mening som meg. Aktivitetshuset var meir enn fullsett då det var klart for årets show laurdag. Amfiet var fullt, og i tillegg var det tett med publikummarar på stolar og benkar som var sett ut på begge sider. Og det store publikum vart slett ikkje skuffa. Dei fekk oppleva eit fantastisk flott show!

Det var to av medlemmene i dansegruppa Mixmaster Crew frå Bergen som ønskte velkommen, og allereie i første nummer var den gode stemningen sett. Det skjedde ved frisk afrikansk musikk frå marimbaorkesteret, leia av Mauricio Weimar opphaveleg frå Brasil, som framførte to songar. Imponerande kor godt tak dei hadde fått på dei afrikanske rytmene i løpet av dei to dagane på workshop. Kanonstart!!

Så vart det nysirkus. I ei herleg førestilling fekk vi oppleva klatring med innlagt halsbrekkande stunt, ballansekunst, formasjonsoppvisninger med imponerande samarbeid, hopp og sprett frå dei to partia. Gubba kor gøy, både for publikum og aktørar. Breie smil frå aktørane og klappsalvane frå publikum var det beste beviset på det!!

Neste post på programmet var mannekeng-oppvisning frå nokre i gruppa som hadde laga flott nye kle av gamle plagg i gruppa Redesign. Skikkeleg stilige var dei då dei vart kommentert og bevega seg rundt på golvet. Eit roleg og fint avbrekk, før det vart futt og fart. Neste programpost var nemleg hiphop. Denne gruppa imponerte med to dansar dei hadde lært på to timer på workshopen med instruktøren frå Mixmaster Crew tidlegare på dagen.



I tillegg til fullt amfi var det fullt på benker og stolar på begge sider

Programmet vart avslutta med Småstjerner slik det har vore kvart år. Eg blir meir og meir imponert over aktørane som deltar for kvart år som går. Dei vartar opp med fantastiske sceneshow og gode songprestasjonar. I år var det 6 grupper/artistar som deltok, og alle gjorde det kjempebra! Det var både publikum og dommarane tydelegvis enige i. Dommartrioen var Ronya Lakselv, Brede Grønningen jr. og Lina Håland. Dei gav gode tilbakemeldingar til deltakarane etter kvart som dei hadde opptredd. Deltakarane var: Triana K. Nerhus(solo), Sigri M. Lekva og Karoline E. Myklebust(duo), Elena Oline Jensen Eide og Linnea Hauge(duo), Nora H. Kristoffersen/ Mathilda Valvatna-Kristiansen(duo), Norah Hjønnevåg, Linnea Enes og Elvira H. Bondhus(trio) og Linnea M. Ripel og Iselin S. Myklebust(duo).

Då alle hadde imponert, fekk dommartrioen ein vanskeleg jobb med å kåra dei to klassevinnarane. Alle var jo så flinke!! Alle var jo vinnrarar!! Medan dommarane bestemte seg bak lukka dører, fekk vi ei fartfullt og halsbrekkande oppvisning av dansegruppa Mixmaste Crew, kjent frå m.a. Norske Talenter.

Då spenninga skulle utløysast, dirra mest Aktivitetshuset av nervøs og forventningsfull spenning. Prisen for beste sceneshow gjekk til Sigri og Karoline som tok oss med til syden og sol i sin song. Beste songprestasjon gjekk til Linnea og Iselin som heldt seg til Vestlandet. Dommarane gjorde to gode valg blant 6 flinke kandidatar.

I tillegg til det som vart presentert på FestidaGen-showet, var det også ein del andre kjekke aktivitetar på FestidaGen. Eit imponerande tilbod! Eg seier: HEIA FestidaGen og HEIA Festidalen som som har noko for alle!!

Til slutt i FestidaGen-showet vart Uskedal helselag takka for sponsing av matpakkar, og SPAR Uskedalen fekk takk for at dei alltid er rause og støttar opp!



Dommarane i småstjerner Brede Grønningen jr., Ronya Lakselv og Lina Håland som her får informasjon av Gina Ness Valvatna, gjorde ein god jobb.



Marimbaorkester for første gong i Uskedalen.



Nysirkus, spenstige saker med godt humør.



Ballansekunstnarar i Nysirkusgruppa



Fire av deltakarane på Redesign viste dei flotte kleda dei hadde laga.



Futt og fart i hiphop-gjengen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland